Aurland kommune
Rådmannen

NOTAT

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
2014000117-55	K1 - 614, K2 - A10, K2 - L12, K3 - &13, K3 - &17	Ingunn Bårtvedt Skjerdal, 57 63 29 32	19.07.2017

Referat frå møte med repr. frå Sogn Jord- og hagebruksskule og Sogn og Fjordane fylkeskommune

Møte 28.06.2017, Aurland rådhus møterom 216, kl 12-13

Tilstade:
Aksel Hugo - rektor SJH
Per Tunshelle - gårdsbestyrer SJH
Audun Torvaldsen – Avd.ing. bygg og eigedom SFFK
Geir Avdal, - rådgjevar bygg og eigedom SFFK
Steinar Søgaard – rådmann AK
Ingunn B. Skjerdal – plansjef

Bakgrunn:
Aurland kommune har over fleire år jobba med planprosess for lokalisering av barnehage i kommunestyremøtet 18.05. 2017 gjorde kommunestyret følgjande vedtak:
«Ny barnehage i Aurland blir lokalisert til alternativ B, område mellom Aurland barne- og ungdomsskule og verkstaden ved Sogn Jord- og hagebruksskule.
Kommunestyret ber administrasjonen om å sjå på gode løysingar og arealeffektivisering med tanke på parkering osv for å ta minst mogleg areal frå Sogn Jord- og hagebruksskule. Planområdet må omfatte tilgrensande kommunal eigedom knytt til ABU og Aurlandshallen slik at tilkomst og parkering knytt til barnehagen kan vurderast i ein heilskap.»

Dette kom fram i møtet:
- Frå kommunen si side er det eit mål å ta i bruk så lite nytt areal som mogleg.
- Aksel Hugo peika på at historia viser at Aurland kommune gjennom åra har teke areal frå Sogn jord og hagebruksskule. Dette er uheldig.
- Folkeviljen har talt med omsyn til lokalisering av ny barnehage i Aurland og det vil SJH og SFFK forhalde seg til.
- det viktig å finne gode løysingar i driftsfasen:
    - med tanke på den daglege drifta av garden, bruk av beiteområda og slåttemark,
        - sikre tilkomst med beitedyr
        - sikre tilkomst med maskiner og utstyr
    - Finne gode samarbeidsformer knytt til barnehagen, spesielt med tanke på bruken av areala «utanfor gjerdet i barnehagen»
        - fokus på trygge forbindelselslinjer gjennom tunet til turområde
        - avtale om område som kan brukast til turområde

    Viktig å starte dialogen, avklare forventningar og finne gode løysingar for samarbeid.
- SJH har fått tilbod om kjøp av tilleggsareal – i den samanheng er dei opptekne av kva kommunen betalar for arealet som det er behov for å kjøpe i samband med etablering av barnehagen. Kommunen har ingen faste priser, men skal gje Afdal ei tilbakemelding.
- Spørsmål om konsesjon må takast vidare med landbrukskontoret, kontakt landbrukssjef Magnhild Aspevik, magnhild.aspevik@laerdal.kommune.no
- I samband med avtale om kjøp av areal er SJH opptekne av at matjorda vert teken vare på, dette må takast omsyn til i avtale om overtaking av grunn.
- I samband med utbyggingsprosjekt på SJH har dei sett i gang arbeid med utviding av parkeringskapasiteten. Ny parkeringsplass ligg i området mellom verkstaden og fv 243.

Aurland kommune har ikkje kome langt nok i si planlegging til at opparbeiding av området ev. kan samordnast med tiltak knytt til ny barnehage. Opparbeidinga av parkeringsplassen knytt til til SJH går som planlagt.

Framdriftsplan i grove trekk:

- Planutkast og høyring i løpet av hausten 2017
- Vedtak av reguleringsplan i løpet av våren 2018

Ingunn Bårtvedt Skjerdal
Plansjef